



Det Interkommunale Hjorteviltutvalet på  
Haugalandet

Dato: 15.06.2017  
Vår ref.: 2017/1522-29  
Saksbehandlar: jomragn  
Dykkar ref.:

Att. [jostein@tveit.no](mailto:jostein@tveit.no)

## Avslag på søknad om midlar til "Stormøte" om Hjortevilt på Haugalandet

Det vert vist til søknaden dykkar datert 07.06.2017 om tilskot på kr 25 000 til arrangementet «*Stormøte*» om *hjortevilt på Haugalandet*, den 23.08.2017. Søknaden var adressert til Fylkesmannen i Hordaland, som 12. juni vidaresendte den til Hordaland fylkeskommune med opplysning om at forvaltingsansvaret for haustbare artar ligg til fylkeskommunen.

*Vi må dessverre melde om avslag på søknaden. Vi har følgjande grunngjeving.*

Fylkeskommunen har hatt hovudansvaret på regionalt nivå for forvaltninga av haustbare artar sidan 01.01.2010, hovudsakleg i tilretteleggjande og koordinerande rolle. Ei av oppgåvene er å fordele tilskotsmidlar til viltformål frå den statlege tilskotsposten til viltformål (kap. 1425 post 71). Det vil i tilfelle vere naturleg å vurdere søknaden under den tilskotsordninga, der den årlege søknadsfristen er 15. januar. Fordelinga av tilskotsmidlane for i år vart gjort av *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* (politisk), på møtet 16. mai. Sjå eventuelt saksframlegget til møtet via lenkja <http://bit.ly/2q75Bui>

Hadde søknaden blitt sendt inn under nemnde tilskotsordning innan fristen i år, ville den neppe fått tilråding om tilskot. Det finst både kommunale og fylkeskommunale tilskotsmidlar til viltformål. Det omsøkte tiltaket synest å falle inn under det som i tilfelle bør støttast av eigne midlar i Hjorteviltutvalet, kommunalt viltfond eller driftsmidlar frå kommunane, eller kombinasjon av desse. Som kjent kan ikkje kommunale eller fylkeskommunale viltfondsmidlar gå til å dekke det som må kallast ordinær drift innan viltforvaltninga. Søknaden manglar finansieringsplan.

Vedkomande bestandsplan og bestandsplanområde:

I søknaden står det at det interkommunale Hjorteviltutvalet står overfor utarbeiding av ny bestandsplan for regionen. Dette får oss til å stusse. Ifølgje Miljødirektoratet sin rettleiar til hjorteviltforskrifta, skal hovudregelen ved forvaltning av hjort vere bruk av bestandsplan, men det er i hovudsak jaktrettshavarane sitt ansvar å utarbeide bestandsplan, herunder å planlegge avskytinga i samband med bestandsplanar. Derimot er det kommunane si oppgåve å vedta mål for utviklinga av bestandane av hjort, jf. hjorteviltforskrifta § 3. Ei av kommunen sine oppgåver er også å stimulere til etablering av føremålstenlege vald, bestandsplanområder og bestandsplaner. Kommune- og fylkesgrenser skal ikkje vere til hinder for å oppnå geografisk føremålstenlege vald eller bestandsplanområder.

Det regionale prosjektet «Forvaltning av hjortebestand 2013-2017» er eit tilbod om hjelp til grunneigarsida nettopp for å få etablert meir reell bestandsforvaltninga av hjort på Vestlandet. Prosjektet bør vere godt kjent for det interkommunale Hjorteviltutvalet. Fylkeskommunane på Vestlandet har fått årlege tilleggsløyvingar frå Miljødirektoratet for å støtte prosjektet, og har sjølv prioritert prosjektet høgt tilskotsmessig. Sett frå fylkeskommunen si tilretteleggjande og koordinerande rolle i hjorteforvaltninga, er det dette konkrete og målretta prosjektet som er omsøkt og prioritert når det gjeld bestandsforvaltning.

Som oppsummering meiner vi at det omsøkte tiltaket bør kunne gjennomførast utan tilskot frå Hordaland fylkeskommune.

Sølve Dag Sundbø  
klima- og naturressurssjef

Jomar Ragnhildstveit  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:  
Rogaland fylkeskommune v/Knut T. Slettebak